

Referat frå årsmøte i Samnanger Næringsforum 26.03.2025

Årsmøte vart halde i biblioteket på Bjørkheim. I alt 15 personar, som representerte i alt 10 verksemder, var til stades under årsmøte.

Saker:

1. Opning av møte ved styreleiar.

Per Espen Edvardsen ynskte velkommen og innleia møte.

2. Val av møte leiar.

Per Espen Edvardsen vart einstemmig vald.

3. Val av referent og en person til å skriva uner protokoll saman med møteleiar.

Knut M Bjørnås vart einstemmig vald.

4. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

5. Årsmelding for driftsåret 2024.

Årsmeldinga, som var sendt til medlemmane i forkant av møte, vart gått gjennom.

6. Rekneskap for driftsåret 2024.

Revidert og signert rekneskap, som også var sendt til medlemmane i forkant av møte, vart gått gjennom og kommentert.

7. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Årsmelding og årsrekneskap for driftsåret 2024 vart godkjent slik det vart lagt fram.

8. Likviditetsbudsjett for 2025.

Forslag til likviditetsbudsjett for 2025 vart lagt fram utan merknader. Budsjettet omfattar finansiering av nytt oppdatert turist og aktivitetskart for Samnanger. I alt 15 lokale verksemder har sagt seg villige til å vera med å støtta tiltaket. I tillegg har Næringsforumet søkt Samnanger Kommune om tilskot.

9. Fastsetjing av medlemskontingent for 2025.

Styret la fram forslag om at kontingenten for 2025 skulle fastsetjast til:

Enkelmannsføretak	Kr. 1050,-	(Auke Kr. 150 frå 2024)
Bedrifter med tilsette	Kr. 1500,-	(Auke Kr. 200 frå 2024)

Det var ingen kommentarar til forslaget som vart samrøystes godkjent.



10. Val av styre for 2025

Valnemnda ved Odd Are Haga la fram forslag til styre for driftsåret 2005. Dei fylgjande vart samrøystes vald:


Leiar	Per Espen Edvardsen (Vald for 1 år)
Styremedlem	Knut Martin Bjørnås (vald for 1 år)
Styremedlem	Kurl Hauge (ikkje på val)
Styremedlem	Odd Arne Haga (Vald for 2 år)
Styremedlem	Anna Wærdahl Tveiterås (Vald for 1 år)
Kommunal representant	Shirin Kvernes Khador
Vara Kommunal representant	Thomas Hellevang
Vara medlem til styre	Kjersti Stikholmen Gjerde
Vara medlem til styre	Knut Jørgen Jørgensen
Revisor	Gro Stikholmen
Valgnemnd	Erlend Klette
Valgnemnd	Jan Olav Nordbø

11. Innkome framlegg.


Veronika Natås som er nyansatt sjef for kommunal -og samfunnsutvikling, sammen med rådgiver og næringsutvikler Joachim Mathisen deltok på møtet og orienterte om utfordringer og muligheter dei meinte Samnanger står ovafor. Det blei fokusert på nedgang i folketalet og aukande gjennomsnittsalder for innbyggjarane i kommunen vår. Det er kommunane aust for Bergen sentrum som har dette problemet, mens kommunane syd, vest og nord har alle stor auke i innbyggjartalet. Dette er ei utfordring som me i fellesskap må prøva å løysa. Veronica Natås ynskter eit nær samarbeid med Næringsforumet, noko forumet set stor pris på. I tida framover vil Natås og Mathisen bli kopierte inn på saker som angår samfunnsutvikling og næringsutvikling. Næringsforumet ynskjer ein dialog med kommunen kva gjeld utviklinga i kommunen vår.

Johannes Kulild stilte spørsmål om korleis Samnanger Næringsforum kan bidra til at Statnett tek Eikedals-vassdraget ut av verneplanen. Det er potensiale i vassdraget for utbygging av kraftstasjonar som produserer like mykje straum som Totland kraftverk gjer i dag.

Dei siste signala frå regjeringa er at verneforskriftene for fleire vassdrag kan «mjukast opp «sett i lys av mangel på elektrisk straum. Det er viktig at Samnanger som kraftproduserande kommune, men sjølv manglar straum til utbygging av lokale arbeidsplassar, følger opp tiltaka frå kommunen si side. Håpet er at dette no er «på gli « men desto viktig er det å fylgja opp, noko ein ynskjer Næringsforumet skal bidra til. Styreleiar i Næringsforumet vil sjå nærmare på kva som kan gjerast, og vil kalla inn til eit felles møte for å diskutera strategi.



Per Espen Edvardsen (Styreleiar)



Knut M. Bjørnås (Referent)